

## Spørsmål vedkommende Covid-handtering i skulane og barnehagane

Etter at regjeringa kom med innskjerpa krav til handteringa av auka smitte, blir det endå meir tydeleg at det er ikkje alle ledd i arbeidsverda som blir behandla likt.

Ein seier at ein prøver i mest mogeleg grad å skjerma barn og ungar. Dette er i utgangspunktet ei veldig flott tilnærming, men kva med dei vaksne som jobbar i yrka som er direkte involverte i dette?

I oppvekstsektoren har den situasjonen oppstått at det finst eit auka sjukefråvær, og at det er ein del tilsette som av helsemessige grunnar blir rådde frå å vere på jobb. Dette fører til auka arbeidsbelastning for dei som står igjen. Dette i sin tur resulterer i fleire vikartimar/ekstravakter osv, og ein følelse av at ein ikkje blir sett pris på på lik linje med andre arbeidstakarar i same organisasjonen, som sit på heimekontor, og som ser mykje mindre folk i løpet av ein arbeidsdag enn ein tilsett i oppvekstsektoren gjer.

Ikkje minst gjeld dette når ein kjem til regelen om «meteren». Denne gjeld sjølvsagt ikkje i skular og barnehagar! Forstå det kven som vil. Klart det er ikkje enkelt å trøyste ein 4-åring på metersavstand, men kanskje ein kunne finne ei løysing som var litt meir forståeleg?

Samtidig viser det seg at barn/ungdomar bidreg formidabelt til auka smitte.

Heime kan ein ikkje ha fleire enn 10 gjester som ikkje er frå same husstanden, men på skulen møter ein lærar kvar dag gjerne hundre eller fleire husstandar. Kor er logikken?

På regjeringen.no kan vi lese i dag (8.12.2021) at kunnskapsminister Tonje Brenna uttaler seg slik: «Ansatte i skoler og barnehager har stått i en krevende situasjon i lang tid, og jeg forstår at det kan være tøft å igjen gjøre tilpassinger i skole- og barnehagehverdagen. **Kommunene vil bli kompensert for ekstraavgifter, som vikarer og overtid, under pandemien.**»

Derfor spør eg på vegner av MDG:

- 1. Kan ordføraren gjere greie for korleis det er tenkt at desse midlane skal fordelast på skule/barnehagesektor? Blir det konkret dekkja utgifter på den enkelte arbeidsplass, eller blir det fordelt flatt?**
- 2. Vil ordføraren syte for at desse tiltaka/ekstraløyvingane blir sette i verk ganske så snart?**

Med vensam helsing

**Matthias W. Zimmermann, MDG Kvinnherad**

